



Isdalstø Auto Eiendom AS
Postboks 153
5903 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/846 - 16/863

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
12.01.2016

Ber om dokumentasjon av oljeutskiljar

Lindås kommune ved Teknisk drift, VVA, har registrert olje i kommunal kum ved Haugen barnehage (utanfor gjerde til Kvassnesvegen 27), Bruvegen i Knarvik. I samband med dette ber vi alle verksemder som har tilknytning til kummen om å sende inn dokumentasjon på at deira oljeutskiljaranlegg tilfredsstillar krav til utsleppsvatn. Vi ber Dykk om å sende inn følgjande dokumentasjon:

- Årskontroll og analyserapport av utsleppsvatn for utskiljaranlegg for dei tre siste åra.
- Dokumentasjon på utskiljaranlegg som er installert (type, størrelse) og kva som er ført på anlegg.

Det er med heimel i forureiningsforskrifta kap 15 § 15-7, «Standard abonnementsvilkår- Administrative bestemmelser» punkt 3.13 og vilkår i løyve til å knytte utskiljaranlegg til kommunalteknisk anlegg at vi krev dokumentasjon av anlegg.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad 
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

